



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling plan

Gunnar Helleland  
Lundsneset 3

5464 DIMMELSVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	476 79 967	2022/224-108		25.03.2025

## Vedkjem merknader

### Detaljregulering for Lundsbyggane gang- og sykkelveg, 95/3 med fleire. PlanID 20200006

Plankontoret viser til telefonsamtale i dag, og til din e-post av i dag.

Som me har formidla på telefon, så blir det i alle plansaker laga ei oppsummering av alle innspel som kjem etter kunngjering av oppstart av nytt planarbeid. Kommunen sine kommentarar vert ført inn. Denne oppsummeringa vert grundig drøfta av administrasjonen og konsulenten.

I denne plansaka så vart det sendt eit nytt varsel, ei avgrensa kunngjering, om ei utviding av plangrensa. Dette mellom anna på grunn av at det var trong for å skyve på vegen for å lage ny bru. Forprosjektet for planarbeidet var justert på grunn av dette, og det var også gjort ei utviding for å ivareta tilkomst til næringane ved bensinstasjonen på ein betre måte.

I slike varsel så vert dei som vert råka av utvidinga av planområdet varsla.

Merknadane som kom inn etter dette varselet ligg nedst i notatet under innspel ved utvida plangrense (3). Du kom med merknad til denne utvida plangrensa, og difor ligg oppsummeringa frå din merknad nesten sist i dokumentet.

Det vanlege når kommunen behandlar slike saker, er at ein i saksframlegget viser til kvar innspel i sin heilskap er å finne. I denne saka er dette skrive slik under tema om medverknad og prosess:

### Om innspela til planarbeidet

Innspela som har kome inn går i sin heilskap fram av vedlagt innspelsnotat med forslagsstillar sine kommentarar, sjå vedlegg. De kan også sjå merknadar slik dei i heilskap ligg føre på kommunen si postliste, sak 2022/224 og 2020/1894.

Hovudtema for merknadar var stort sett knytt til utforming av gang- og sykkelveg/fortau, lengda på prosjektet, samt tilkomst og tilhøve til kringliggjande eigedommar.

Du skriv elles at du ser fram til ei oppdatering på dette.

Som me formidla i telefon i dag, så er saka godkjent og behandla, og administrasjonen kan ikkje gjere endringar i desse dokumenta no.

Me kan drøfte om me skal gjere endringar på rutineane her i framtida. Plan- teknikk og miljøutvalet har til no vore opptatte av at det er mange dokument å lese gjennom i desse plansakene. Dersom ein i framtida ønskjer at alle innspel skal leggjast ved dei politiske sakene, så må me få kome attende til dette.

Plankontoret rår deg i denne saka til å kome med merknad innan fristen dersom du meiner at plandokumenta bør endrast.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs  
*Planleggjar off. planforslag*

Synnøve Handeland  
*Avdelingsleiar arealforvaltning*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Leif Ove Mikkelsen

Rosendalsvegen 10